



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato  
06.10.2017  
Dykkar dato  
13.09.2017

Vår referanse  
2017/11280 421.3  
Dykkar referanse  
17/2440

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### Uttale til dispensasjon til naust med brygge - Lindås – gnr. 106 bnr. 108 - Fanebust

Vi viser til brev frå kommunen av 13.09.2017. Saka gjeld dispensasjon til oppføring av naust, bryggje og flytebryggje/bølgedempar.

I arealdelen av kommuneplanen er området på land sett til område for *andre typar bygningar og anlegg – naust* og området i sjø er sett til *bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone*. Det er naudsynt med dispensasjon frå plan og bygningslova (pbl.) § 1-8 byggjegrense mot sjø, krav om utarbeiding av reguleringsplan i føresegn 1.1 i kommuneplanen si arealdel og formålet *bruk og vern av sjø og vassdrag*.

#### Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Fylkesmannen si vurdering er at omsynet bak føresegn 1.1 i kommuneplanen er å få planlagt området på ein heilskapleg måte. Det er fleire ubygdte nausttomter i dette naustområde og det er plass til fleire naust på nokon av eigedomane kor det allereie er bygd naust. Fylkesmannen si vurdering er at presedensverknaden her er stor og kan føre til ei uheldig utvikling i området.

Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon til naust, kai og flytebryggje. Det bør utarbeidast ein reguleringsplan for heile naustområde, som balanserer interessene og framtidig bruk og vern av areala.

Med helsing

Egil Hauge  
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*